

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 17.08.2009
 Frå: Konstituert administrerende direktør Helge Bryne
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar per 16.08. 2009**

Styresak 075/09 O

Styremøte 02.09. 2009

Administrerende direktør si orientering pkt 13

Dato for brev	Saka gjeld	Status
03.03.09	Forslag til krav til taksametre.	Høyringsfrist 05.06.09. Uttale ikkje gitt.
09.03.09	Forslag til forskrift om innsamling og behandling av helseopplysingar i System for vaksinasjonskontroll (SYSVAK-registerforskrifta) og forskrift om legemidlar.	Høyringsfrist 09.06.09. Uttale ikkje gitt.
11.03.09	Endring i innretningsforskrifta, aktivitetsforskrifta, opplysningsforskrifta og den midlertidige forskrifta for einskilde petroleumsanlegg på land.	Høyringsfrist 11.06.09. Uttale ikkje gitt.
31.03.09	Høyring – Staten sin kommunikasjonspolitikk.	Høyringsfrist 01.07.09. Uttale sendt 29.06.09, jf. eige notat under administrerende direktør si orientering.
23.04.09	Høyring – rett til fysisk aktivitet. Det blir fremma forslag om å innføre rett til fysisk aktivitet i grunnskoleopplæringa.	Høyringsfrist 03.06.09. Uttale ikkje gitt.
16.04.09	Forslag til endring i adopsjonslova og barnevernlova.	Høyringsfrist 15.06.09. Uttale ikkje gitt.
21.04.09	Helsedirektoratet har etter oppdrag frå HOD utarbeida ein handlingsplan for habilitering av barn og unge. Planen skal bidra til å styrke helse- og omsorgstenesta sin innsats for at barn, unge og ungdom i overgangen barn/vaksne med funksjonsnedsetting, skal oppnå best mogleg funksjons- og meistringsevne, sjølvstende og deltaking i samfunnet.	Høyringsfrist 03.06.09. Uttale ikkje gitt.
11.05.09	Kunnskapsdepartementet og Helse- og	Høyringsfrist 20.06.09.

	omsorgsdepartementet ser behov for å regulere bruken av omgrepet universitetssjukehus, og RHFa er blitt bedt om å gi innspel på nærare kriteriar for å kunne nytta omgrepet.	Helse Vest har lagt saka fram for samarbeidsorganet som er etablert mellom Helse Vest og universiteta i regionen. Samarbeidsorganet har rådd til at følgjande prinsipp bør leggjast til grunn for at eit sjukehus kan kalla seg for universitetssjukehus: - sykehus med fullverdig utdanningsløp av leger, med forskningsbasert undervisning, inkludert forskning innen omfattende deler av virksomheten (breddeuniversitet) - sykehus med kliniske utdanningsløp av leger, med (hovedsakelig) forskningsbasert undervisning, inkludert forskning innen de fleste kliniske disipliner. Alternativt er det sagt at punkt 2 kan bli vurdert for sjukehus med universitetsfunksjonar. I uttale sendt 16.06.09 har Helse Vest slutta seg til forslaget frå samarbeidsorganet.
19.05.09	Rapport om smittevern i fengsel. Helsedirektoratet rår til at det blir innført nye faglege retningslinjer og nødvendige rutinar som sikrar mot smitteoverføring mellom innsette i fengsel.	Høyringsfrist 20.08.09.
25.05.09	Forslag til endringar i folketrygdlova, helseregisterlova og spesialisthelsetenestelova – innføring av automatisk frikortordning og etablering av nødvendige register. Oppfølging av Stortinget sitt vedtak om å innføre ein nasjonal automatisk frikortordning.	Høyringsfrist 06.07.09. Felles høyringssvar frå dei regionale helseføretaka sendt 2. juli 2009. Uttalen er i det vesentlege retta mot den del av høyringsnotatet som gjeld etablering av nødvendige register for administrering av pasienttransport og særleg plassering av databehandlaransvaret for registeret innan direkteoppgjær.
26.05.09	Forslag til forskrift om legemiddelassistert rehabilitering (LAR-forskrifta) og utkast til nasjonal LAR-retningslinje.	Høyringsfrist 01.09.09. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar.
28.05.09	Forslag til endringar i barnehagelova – rett til barnehageplass for barn av asylsøkarar.	Høyringsfrist 07.08.09.
17.06.09	Høyring om endringar i arbeidsmiljølova sine føresegner om midlertidig tilsetting – tilkallingsavtaler mv	Høyringsfrist 17.10.09.
26.06.09	Utkast til forskrift om takstberekning og maksimalprisar for løyvepliktig drosjetransport.	Høyringsfrist 01.11.09.
30.06.09	Utkast til ny forskrift om strålevern og bruk av stråling.	Høyringsfrist 01.10.09. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar.
30.06.09	Forslag om endring i forskrift om utgifter til poliklinisk legehjelp – endringar i regelverk for innsatsstyrt finansiering	Høyringsfrist 17.08.09. Sendt helseføretaka for innspel og

	(ISF) og moglegheit for å utløyse eigendel. Oppfølging av Stortinget si tilslutning om å endre helsepersonellkravet i regelverket for ISF.	kommentarar.
30.06.09	Utkast til nasjonal retningslinje for behandling og rehabilitering ved hjerneslag.	Høyringsfrist 15.10.09. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar.
03.07.09	Revisjon av forskrift om prøveordning med narkotikaprogram med domstolskontroll.	Høyringsfrist 07.09.09.
07.07.09	Utkast til kravsspesifikasjon for PKI i offentlig sektor.	Høyringsfrist 15.09.09.
07.07.09	Høyring – barn som kan vere ofre for menneskehandel – adgang til midlertidig plassering utan samtykk på institusjon for beskyttelse og omsorg (forslag til ending i barnelova)	Høyringsfrist 30.10.09.
28.07.09	Forslag til framtidig organisering av nødmeldetetenesta (112-rapporten)	Høyringsfrist 28.10.09. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar.
22.07.09	NOU 2009: 18: Rett til læring. Innstilling frå utvalet for betre læring for barn, unge og vaksne med særskilte behov.	Høyringsfrist 27.11.09.
07.08.09	Forslag til forskrift som vil utvida det personellmessige verkeområdet for lov om helsemessig og sosial beredskap.	Høyringsfrist 14.08.09. Sjå eiga sak i styremøte 02.09. 2009.